



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 19. februar 2019

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 7/19

Til saksnummer: 15/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)

Arvid Kaspersen (nestleiar)

Kjersti M. Berge

Jens Kåre Stokka

Hans Voll

Dagfinn Steinnes (varamedlem)

Borghild Friestad (varamedlem)

Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Ingvar Kjøllesdal, Hanne Kaspersen, Andrine K. Homme under sak 7/19 og Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

Marit Høie

Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.

Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til mat, opning og bøn.

Innkalling til møte i Bore sokneråd 19. februar vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 29. januar vart godkjend.

SAK 7/19

Evaluering G2-gudstenestene

Drøfting

Evaluering av G2 i soknerådet viser at dette er ei gudsteneste som mange likar både i form og uttrykk. Det er flott at det er mange involverte og i denne gudstenesta, kjem det framfor alt fram, at det er eit stort mangfald i menigheten.

Gjennomgang av elementa:

- Preike – svært bra undervisning av Ivan. Flott med ein prest som gir bibelen autoritet. Mange spør om det let seg gjera å få preika på podcast.
- Pynt – flott pynting som søker å underbyggja tema for dagen
- Nattverd med bønnevandring: dette har blitt eit fint element med låg terskel, mange i dåpsfølgjene tek del i mellom anna lystenning
- Forbønnenstenesta: har blitt utvida i talet og kan dermed tilby fleire tenester – både før, under og etter gudstenesta. Ut over dette vil forbønnenstenesta kunne kontaktast av folk. Komitéen vil gje staben informasjon om korleis ein skal gjera kjent denne tenesta for folk, gjerne via heimesida, facebook og liknande.
- Ordet fritt: dei fleste set stor pris på dette elementet og kjenner at vitnesbyrda understreker og forsterkar preika. Kan av og til vera mange og dra ut i tid og virka ukjent for kyrkjeframande/dåpsfolk
- Lovsongen: Alle er glade for at songen er på norsk, kunne vore meir nynorsk. Kan også bruka litt meir kjende lovsongar. Flott å kunne vera fri i tilbeding. Bør vera minst ei (folke)kjent salme/song kvar gong.
- Flott med så mange frivillige musikarar/forsongarar. Soknerådet heiar dei fram og erkjenner at kvaliteten kan variera grunna mellom anna at dei ikkje er så mange og at det er sårbart når ikkje alle kan. Det er også potensiale til å utvida – både instrument og fleire songarar.
- Velsigning av barna før dei går til gudsteneste er flott
- Bra at kyrkjeverten ser nye og deler ut brosjyre

Samtalen om me skal halda på komité eller ikkje, viser at ein har delt syn på dette. Nokre meiner det har stor verdi med idémyldring i lag. Andre meiner at dei forskjellige arbeidslaga av frivillige (musikk, forbøn, pynt) kan samlast ein gong i semesteret, leggja ein plan og utføra oppgåvene utan å møtast så ofte. Det er nok at Ivan sender ut forslag til songar, tema til pynt og liknande til gruppene før kvar G2-gudsteneste.

Forslag til vedtak	Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møte.
Vedtak	G2 fungerer stort sett bra for tida. Ivan kallar inn til semestersamling av alle involverte i G2. Første gong til hausten. Dette blir evaluert etter eit år.

SAK 8/19 Samtale om arbeidet.

Drøfting	Kan bibeltimar lagast som podcast? Bør kanskje også ha møtepunkt, i kyrkja. Ca. 2-3 gonger i halvåret, treng ikkje musikk. Treng ein tekniskar. Bibeltekstar frå breva eller evangelia. Eller trusopplæring for vaksne, kanskje for ferske i trua, dei som kjem tilbake til trua eller folk som bare vil vita meir. Serie i trusopplæring kan repeterast. Kan også undervisa i husfellesskapsgrupper.
-----------------	---

Forslag til vedtak	Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.
Vedtak	Ivan vurderer korleis dette kan gjerast og me tek opp saka i neste møte.

SAK 9/19 Inkludering i menigheten

Drøfting	
Forslag til vedtak	Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.
Vedtak	Saka utsett til neste møte.

SAK 10/19 Komité for konf.fest 2019

Drøfting	
Forslag til vedtak	Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.
Vedtak	Kjersti og Arvid blir med Elin Anita i komitéen.

SAK 11/19 Årsmelding

Drøfting

Forslag til vedtak Soknerådet godkjenner årsmeldinga.

Vedtak Soknerådet godkjenner årsmeldinga med ei endring gjort i møtet.

SAK 12/19 **Årsmøte 17. mars 2019**

Drøfting

Tema kan vera: Kan me gjera kyrkja meir tilgjengeleg for folk utanom ordinær gudstenestetid? Kva forventning har me til kva Gud vil gjera i kyrkjelyden framover?

Det praktiske: me tek kaffi i våpenhuset. Stab og frivillige ordnar dette og stab ordnar film/snop for barna i kyrkjestova.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet

Vedtak Tema for årsmøtet: Kva kan gjerast for å gjera kyrkja meir tilgjengeleg for folk utanom ordinær gudstenestetid? Kva forventning har me for kyrkjelyden i tida framover?

SAK 13/19 **Støtte til Håp**

Drøfting

Forslag til vedtak Soknerådet sponsar ungdomskoret Håp med 300 kroner pr. deltakar – inntil kroner 4 500 til weekenden 8. – 10. mars.

Vedtak Soknerådet sponsar ungdomskoret Håp med 300 kroner pr. deltakar – inntil kroner 4 500 til weekenden 8. – 10. mars.

SAK 14/19 **Kandidatar til nominasjonskomitéen si liste til
bispedømmerådsvalet**

Drøfting**Forslag til vedtak**

Soknerådet nominerer x som kandidat(ar) til å stå på nominasjonskomitéen si liste til bispedømmerådsvalet

Vedtak

Jens Kåre Stokka vert nominert frå Bore sokn. Dagleg leiar melder dette vidare.

SAK 15/19**ORIENTERINGSSAKER****Drøfting**

Orienteringssakene blei lagt fram.

Forslag til vedtak**Vedtak**

Soknerådet tar saka til orientering